

AccessNorway



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Kvifor er tilgjengelegheit viktig for reisemål og lokalsamfunn?

Tilgjengeleg reiseliv handlar om å skape opplevingar som alle kan ta del i – uavhengig av alder, funksjonsevne eller behov. Nesten 20 % av befolkninga i Noreg har ei form for permanent eller midlertidig funksjonsnedsetting. Behovet for eit meir tilgjengeleg reiseliv er forsterka av ei aldrende befolkning i Noreg og Europa.

For reiselivsnæringa betyr betre tilgjenge ikkje berre inkluderande gjestfriheit, men òg fleire gjester, lengre opphald og større verdiskaping. Samstundes representerer desse gruppene eit stort og kjøpesterkt marknadspotensial: globalt snakkar vi om over 1 milliard menneske som søker reise- og opplevingstilbod der tilgjengelegheit er ivaretatt.

Små grep kan utgjere ein stor forskjell for gjesteopplevinga – og for lokalsamfunnet gir det eit meir levande, inkluderande og attraktivt miljø å bu i og besøke.

Å satse på tilgjengeleg reiseliv er difor både rett, smart og lønsamt:

Etisk – fordi alle skal kunne delta på like vilkår.

Økonomisk – fordi tilgjenge aukar marknaden og styrkjer konkurransekrafta.

Samfunnsbyggjande – fordi gode reisemål å besøke òg er gode stadar å bu.



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Om AccessNorway

AccessNorway er eit nasjonalt utviklingsprosjekt som skal bidra til felles standardar og verktøy for eit meir tilgjengeleg reiseliv i Noreg.

Initiativet er eit samarbeid mellom **Nettverk for Destinasjonsleiing og Berekraftig Reisemålsutvikling (NDBR)**, Sunnasstiftelsen, fagmiljø INKLU Beitrostølen/Valdres og Innovasjon Norge Reiseliv/Visit Norway.

Bakgrunnen for satsinga er å sikre felles verktøy og standardar for reisemål og reiselivsbedrifter som ønskjer å koma i gong med å kartlegge og kommunisere tilgjengelegheit.

Prosjektet har fått støtte frå **BUFDIR (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet)** gjennom tilskotsordninga *Universell utforming 2025*.

VERKTØYKASSA UTVIKLA I ACCESSNORWAY

Accessibility Guide:

Mal for tilgjengelegheitsinformasjon på destinasjonsnivå.

Accessibility Plan – destinations:

Prosessverktøy for destinasjonar – trinn for trinn guide til å koma i gong med tilgjengelegheit.

Accessibility Plan – travel businesses:

Prosessverktøy for reiselivsbedrifter – trinn for trinn guide til å koma i gong med tilgjengelegheit.

Accessibility Label:

Felles symbol for synleggjering av tilgjengelege produkt, med minimumkrav til informasjon i beskrivinga.

Kartleggingsverktøy

Vidareutvikling av kartleggingsverktøy, utvikla i AccessTour.



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**

Utviklingsløp AccessNorway: Haust 2025

Som ein del av prosjektet 2025 vil ein teste ut verkøya på to reisemål: Voss og Sognefjord. Tilbodet for pilotane tek utgangspunkt i mal skissert nedanfor, med lokale tilpassingar gjort etter behov.

Utvikling av verktøykasse

Inklu Beitostølen utviklar Versjon 1.0 av AccessNorway si verktøykasse (august).

Verktøykasse blir sendt til høyring hjå 1) Innovasjon Norge/Visit Norway, 2) Brukargruppe v/Sunnasstiftelsen 3) Arbeidsgruppe av destinasjonar i NDBR (august).

Presentasjon av verktøykasse

Presentasjon av AccessNorway si verktøykasse blir presentert for destinasjonane i NDBR på partnarmøte 25. september.

Versjon 1.0 av verktøykasse blir gjort tilgjengeleg for destinsasjonane i NDBR (september).

Pilotering

Oppstartsmøte:
Pilotdestinasjonane får besøk av Inklu for: 1) oppstartsmøte med destinasjonsleiinga og 2) oppstartsmøte med bedriftene.

Brukarmøte:
Pilotdestinasjonane får besøk av Sunnasstiftelsen for: 1) Dialog og vurdering av tiltak og prosess 2) Inspirasjonsworkshop for destinasjonsleiing og næringsliv.

Ferdigstilling av AccessNorway si verktøykasse

Lansering av AccessNorway si verktøykasse (desember).

Vegen vidare: Seminarserie bedrifter, seminarserie destinasjonar, marknadsarbeid



**Berekraftig
Reisemål**



**Berekrafts-
nettverket**